

Styremøte halde i Hammersvik fredag 17.2.2013 kl. 18.00 – 19.30.

Frammøte: Jan Hammersvik, Kaare Aardal, Per Arne Berge, Atle Nøstdal og Terje Hovden.

Nr.	Sak / aksjon / frist	Ansvarleg
1	<p><u>Kystlandskap / Årdalen</u></p> <p>Jan orienterte om møter som Fylkesmannen v/ Truls Folkestad har halde på Furebuda onsdag 13.2., og på Selje Hotel torsdag 14.2. der Årdalen var tema. Ingvild Austad var også med på begge møta.</p> <p>Møtereferat frå Truls Folkestad frå møtet om Årdalen vart gjennomgått:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Endå usikkert kven sine og kor mange beitedyr som vil beite i Årdalen til sommaren ▪ Ynskje om at skjøtselsavtala vert utvida med fleire tiltak. Ingvild skal spesifisere dette ▪ Truls lagar framlegg til ny avtale for slåttemarksareala ▪ Truls lagar framlegg til restaurerings- og skjøtselsavtale for resten av området – for større investeringar som bygningar må kommunen vere i dialog med Fylkesmannen for å få tilgang på SMIL-midlar ▪ Fylkesmannen legg opp til å lage ein skjøtselsplan for kystlynghei – vil vurdere om det er midlar til å inkludere Rydjajorda i prosjektet <p>Ingvild Austad har laga ein detaljert plan for tiltak i 2013. Det fyrste tiltaket vil vere å svi av deler av vegetasjonen i Årdalen i barfrostperioden (februar / mars).</p> <p>Diskusjon om korleis vi skal organisere dette – om vi må leige hjelp etc. Einigheit om å sjå tida litt an – om det blir eigna tilhøve for å svi av vegetasjon kontrollert prøver vi å få det gjort. Kanskje best med færrest mulig involvert for å ha god kontroll med omfanget.</p>	
2	<p><u>Arbeid elles i vår</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Etter kledningsarbeida på våningshuset er det ein god del skrapmaterial som må ryddast vekk rundt huset og i hagen. Dette skal for det meste ned på bålet som er laga til i fjøra ▪ Det står att å kle opp vestramen frå loftvindaug og opp ▪ Kledninga på dei tre veggene som er ferdige må i løpet av våren reingjerast og påførast eitt strøk til med måling. Vi må tenkje litt på korleis vi enklast kan sikre «trykkvatn» til å spyle av kraftvask 	
3	<p><u>Årsmøtet 2012</u></p> <p>Det vart bestemt å halde årsmøtet søndag 10. mars frå kl. 18.00 i Hammersvika. Er alt normalt blir det ikkje særleg fleire som møter enn styret og valnemnda. Terje skriv årsmelding.</p>	
4	<p><u>Økonomi</u></p> <p>Rekneskap for 2012 er revidert – på konto ca. kr 41.000 ved årsskiftet.</p>	
5	<p><u>Naustet på Rydjajorda</u></p> <p>Sparebank 1 Skade har gjort framlegg om avkorting av forsikringssum med 60 % fordi «konstruksjonen er svak og da den ikke har innfesting til grunnen».</p> <p>Klage er sendt til Ankenemnda for Statens Naturskadefond i oktober – endå ikkje fått svar. Per prøver å purre dette opp.</p>	

17.2.2013

th